



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
066/17	Formannskapet	10.05.2017
039/17	Kommunestyret	16.05.2017

## Garanti for lån - Regler og retningslinjer i Stryn kommune

### Bakgrunn for saka:

Stryn kommune har det siste året auka garantiansvaret vi har for andre sine lån. Ved å stille garanti for lån er det alltid knytt usikkerheit rundt den faktiske økonomiske belastninga dette kan gje kommunen, og vi bør difor sette ned nokon retningslinjer og reglar for at Stryn kommune skal gje kommunal garanti for lån.

### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Kommunelova § 51

Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar

EØS-avtalen artikkel 61

### Vedlegg i saka:

Regelverk rundt det å stille garanti	1346289
Kommunen sitt garantiansvar pr. apr 2017	1346318
Kommunen sitt garantiansvar pr. apr 2017	1346290

### Saksopplysningar:

Garanti er ein type økonomisk disposisjon der det er knytt usikkerheit til den faktiske økonomisk belastning dette kan gje for kommunen. Kostnaden ved å stille garantiar belastas først kommunen i det garantiansvar blir gjort gjeldane. Garantiar inneber ein større usikkerhet enn lån i forhold til oversikt over framtidig økonomisk handlingsrom og forpliktingar. Det er ei fare for at ein kan undervurdere risikoen for at ein garanti skal bli effektiv , og derav overvurdere kommunen si økonomiske evne til oppfylle garantiavtalane. Garantistillingar er vanskeleg å innarbeide i den økonomiske planlegginga då det er vanskeleg å berekne risiko, beløp og tidspunkt for at garantiansvaret kan bli gjort gjeldane.

Kommunale garantiar styres i første omgang av kommuneloven § 51, samt forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar (FOR 200-02-02 nr 144). I tillegg kan EØS artikkel 61 om offentlig støtte slå inn i vurderingane om kommunen kan stille ein garanti eller ikkje. Kommunen må derfor bli meir varsam med å gi garantiar, og flinkare til å sjå garantien opp mot EØS avtalen. Brot på EØS avtalen kan medføre at næringsverksenda som det er stilt garanti for, må tilbakebetale «gevinsten» den har fått i form av en offentlig garanti. I verste fall kan dette slå næringsverksenda konkurs med påfølgjande rettssaker o.l.

Som nemnt inneber ein garantistilling økonomisk usikkerheit for kommunen om ein garanti blir godt gjeldane eller ikkje. Blir ein garanti gjort gjeldane, kan dette gå direkte på drifta vår og dermed gå utover dei andre tenestene kommunen skal tilby. For å imøtekome slike krav bør kommunen sjå på korleis ein kan ha ein reserve som ein kan bruke til tilfelle der garantikrav blir gjeldane.

Det siste året har garantiansvaret til kommunen auka og ein må no sjå på nærare retningslinjer for å stille garanti. Ved rekneskapsavslutning 2015 var garantiansvaret til Stryn kommune kr. 16.471.655,- og ved rekneskapslutt 2016 var beløpet kr. 20.341.993,-, men i tillegg har vi vedtekne garantiar der låna ikkje er tatt opp ved årsskifter. Dette utgjør kr. 20.374.800,-. Samla garantiansvar for Stryn kommune er kr. 40.716.793,-.

### **Vurdering:**

Stryn kommune bør ha retningslinjer når det gjeld å stille kommunale garantiar:

1. Alle søknader må innehalde:
  - Årsregnskap for dei siste 2 årene
  - Årsbudsjett for gjeldande år evt. også langtidsbudsjett
  - Budsjett som visar betjeningsevne etter låneopptak
  - Selskapets vedtekter
  - Søknaden som innehalde formål, ønsket tidshorisont og beløp.
  - Oversikt over prosjekt det søkast garanti til med planar, teikningar og finansieringsplan.
  - Kopi av lånetilsegn frå banken
2. Søkjarar som kjem under definisjonen næringsverksemd i kommunelova § 51 2. ledd vil få avslag.
3. Kommunen står fritt i å bestemme tidsavgrensing jf. forskrifta § 3.
4. Tidlegare gitt kausjon/garanti betyr ikkje automatisk at ny kausjon/garanti blir gitt ved ny søknad.
5. Stryn kommune stiller som hovudregel simpel kausjon, sjølvskyldnarkausjon stillast berre der dette er formålstenlig, og til samfunnets beste.
6. Kausjoner/garantiar over kr 500.000,- må godkjennas av Fylkesmannen.
7. Stryn kommune plikter å følgje EØS reglane om offentlig støtte, der kausjon/garantiar er definert som offentlig støtte.
8. 5 % av garantibeløpet settast av til ubunde disposisjonsfond «Garantifond-kommunale garantiar».

Gjennom å ha retningslinjer for kommunale garantiar vil ein kunne betre vurdere risikoen kommunen tek i kvar enkelt sak om garanti for lån.

Ved søknad om garanti skal søkjar vise til beteningsevne til lånet etter dette er tatt opp. Der skal vere overskot nok i rekneskap og budsjett til at dei sjølv skal betene lånet dei søkjar om. Kommunen skal stille med sikkerheit og for å betre unngå at ein garanti blir gjort gjeldane må vi sikre at beteningsevne er på plass.

Verksemda sine vedtekter kan ikkje endast i garantiperioden utan at dette vert godkjent av garantist (kommunen) og av departementet.

Kommunen bør i hovudsak berre stille simpel kausjon når valet først er gjort, da ein sjølvskyldnarkausjon inneber økt risiko samanlikna med ein simpel kausjon. Ved simpel kausjon må kreditor ved eit eventuelt misleghald først søke dekning hos lånetakar, og kommunen sitt ansvar avgrensar seg til det som ikkje kan drivast inn her. Er der moglegheit bør ein ta tilleggsikkerheit i lånetakar sin eigedom.

Vi har fått ein del store garantiar der konsekvensane for kommunen vil bli større om garantien blir gjort gjeldane. I 2014 måtte Stryn kommune betale inn kr. 1.987.000,- på ein garanti. Vi har no garantiar som er større enn dette, fleire på over 4 millionar (sjå vedlagt oversikt).

Når det gjeld korleis Stryn kommune kan betre imøtekomme dei økonomiske konsekvensane om ein garanti blir gjort gjeldane er ved å stille krav om avsetning til eit ubunde disposisjonsfond som til ei kvar tid skal tilsvare kommunen sitt garantiansvar. I eit tidlegare høyringsutkast frå departementet vart det foreslått ein størrelsesorden på 5 % av det garantiansvaret kommunen til ei kvar tid har og Stryn kommune bør legge seg på dette nivået. Det skal gjerast ei vurdering av nivået på fondet «Garantifond – kommunale garantiar» ved årsavslutning og at det held seg rundt 5 % av garantiansvaret. Nivået kan justerast ut i frå innfridde lån og innbetalt avdrag på lån.

Ut i frå kommunen sitt garantiansvar pr. april 2017 (kr 40.716.793) skal det settast av 5 % til «Garantifond – kommunale garantiar». Dette tilsvare kr. 2.036.000,- og kan finansierast via disposisjonsfond. Saldo på disposisjonsfond pr. 28.04.2017 er kr. 12.560.220 (inkl. reserverte beløp).

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Retningslinjer for Stryn kommune ved kommunale garantiar:

1. Alle søknader må innehalde:
  - Årsregnskap for dei siste 2 årene
  - Årsbudsjett for gjeldande år evt. også langtidsbudsjett
  - Budsjett som visar betjeningsevne etter låneopptak
  - Selskapets vedtekter
  - Søknaden som innehalde formål, ønsket tidshorisont og beløp.
  - Oversikt over prosjekt det søkast garanti til med planar, teikningar og finansieringsplan.
  - Kopi av lånetilsegn frå banken
2. Søkjarar som kjem under definisjonen næringsverksemd i kommunelova § 51 2. ledd vil få avslag.
3. Kommunen står fritt i å bestemme tidsavgrensing jf. forskrifta § 3.

4. Tidlegare gitt kausjon/garanti betyr ikkje automatisk at ny kausjon/garanti blir gitt ved ny søknad.
5. Stryn kommune stiller som hovudregel simpel kausjon, sjølvskyldnarkausjon stillast berre der dette er formålstenlig, og til samfunnets beste.
6. Kausjoner/garantiar over kr 500.000,- må godkjennas av Fylkesmannen.
7. Stryn kommune plikter å følgje EØS reglene om offentlig støtte, der kausjon/garantiar er definert som offentlig støtte.
8. 5 % av garantibeløpet settast av til ubunde disposisjonsfond «Garantifond-kommunale garantiar».

Samla garantiansvar for Stryn kommune er kr. 40 716 793 pr. april 2017. Det skal settast av kr. 2.036.000,- til ubunde disposisjonsfond «Garantifond-kommunale garantiar», finansiert ved fritt disposisjonsfond (25790901) kr. 2.036.000,-.

#### **Formannskapet 10.05.2017:**

#### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd

#### **FO- 066/17 Vedtak:**

Retningslinjer for Stryn kommune ved kommunale garantiar:

1. Alle søknader må innehalde:
  - Årsregnskap for dei siste 2 årene
  - Årsbudsjett for gjeldande år evt. også langtidsbudsjett
  - Budsjett som visar betjeningsevne etter låneopptak
  - Selskapets vedtekter
  - Søknaden som innehalde formål, ønsket tidshorisont og beløp.
  - Oversikt over prosjekt det søkast garanti til med planar, teikningar og finansieringsplan.
  - Kopi av lånetilsegn frå banken
2. Søkjarar som kjem under definisjonen næringsverksemd i kommunelova § 51 2. ledd vil få avslag.

3. Kommunen står fritt i å bestemme tidsavgrensing jf. forskrifta § 3.
4. Tidlegare gitt kausjon/garanti betyr ikkje automatisk at ny kausjon/garanti blir gitt ved ny søknad.
5. Stryn kommune stiller som hovudregel simpel kausjon, sjølvskyldnarkausjon stillast berre der dette er formålstenlig, og til samfunnets beste.
6. Kausjoner/garantiar over kr 500.000,- må godkjennas av Fylkesmannen.
7. Stryn kommune plikter å følgje EØS reglene om offentlig støtte, der kausjon/garantiar er definert som offentlig støtte.
8. 5 % av garantibeløpet settast av til ubunde disposisjonsfond «Garantifond-kommunale garantiar».

Samla garantiansvar for Stryn kommune er kr. 40 716 793 pr. april 2017. Det skal settast av kr. 2.036.000,- til ubunde disposisjonsfond «Garantifond-kommunale garantiar», finansiert ved fritt disposisjonsfond (25790901) kr. 2.036.000,-.

#### **Kommunestyret 16.05.2017:**

#### **Handsaming:**

Formannskapet si tilråding samrøsytes vedteke.

#### **KS- 039/17 Vedtak:**

Retningslinjer for Stryn kommune ved kommunale garantiar:

1. Alle søknader må innehalde:
  - Årsregnskap for dei siste 2 årene
  - Årsbudsjett for gjeldande år evt. også langtidsbudsjett
  - Budsjett som visar betjeningsevne etter låneopptak
  - Selskapets vedtekter
  - Søknaden som innehalde formål, ønsket tidshorisont og beløp.
  - Oversikt over prosjekt det søkast garanti til med planar, teikningar og finansieringsplan.
  - Kopi av lånetilsegn frå banken
2. Søklarar som kjem under definisjonen næringsverksemd i kommunelova § 51 2. ledd vil få avslag.

3. Kommunen står fritt i å bestemme tidsavgrensing jf. forskrifta § 3.
4. Tidlegare gitt kausjon/garanti betyr ikkje automatisk at ny kausjon/garanti blir gitt ved ny søknad.
5. Stryn kommune stiller som hovudregel simpel kausjon, sjølvskyldnarkausjon stillast berre der dette er formålstenlig, og til samfunnets beste.
6. Kausjoner/garantiar over kr 500.000,- må godkjennas av Fylkesmannen.
7. Stryn kommune plikter å følge EØS reglene om offentlig støtte, der kausjon/garantiar er definert som offentlig støtte.
8. 5 % av garantibeløpet settast av til ubunde disposisjonsfond «Garantifond-kommunale garantiar».

Samla garantiansvar for Stryn kommune er kr. 40 716 793 pr. april 2017. Det skal settast av kr. 2.036.000,- til ubunde disposisjonsfond «Garantifond-kommunale garantiar», finansiert ved fritt disposisjonsfond (25790901) kr. 2.036.000,-.